



Meny Knarvik
Kvernhusmyrane 7A
5914 ISDALSTØ

Referanser:
Dykker:
Vår: 16/27 - 17/7989

Saksbehandlar:
Linda Folkestad
Linda.Folkestad@lindas.kommune.no

Dato:
13.03.2017

Vedkomande fettutskiljar ved Meny Knarvik - gbnr 188/764, Gjervik Ytre. Førehandsvarsel om vedtak om installering av større anlegg

Teknisk drift har motteke årsrapport frå Norsk Gjenvinning for utskiljaranlegg ved Meny Knarvik.

Av motteke årsrapport ser vi at Dykker anlegg har for liten kapasitet. Temperaturen indikerer at anlegg har ingen funksjon. Ved temperaturer opp mot 30°C vil alt fett være løyst opp i avløpsvatnet og verte ført ut på kommunalt leidningsnett og avsettast der.

Dersom Meny Knarvik skal nytte eksisterande anlegg, må produksjon leggast om. Skal dagens produksjon oppretthaldast, må nytt større anlegg på plass. Teknisk drift ber Dykk om å gje ei skriftleg tilbakemelding på kva tiltak De vil setje i gong for å hindre ytterligare utslepp av fetthaldig avlaupsvatn.

Teknisk drift sett ei frist til: **måndag 27. mars 2017** for å gje ei tilbakemelding på kva tiltak De vil setje i gong for å hindre utslepp av fetthaldig avløpsvatn.

Fetthaldig avløpsvatn påfører kommunen sine anlegg store skader og medfører at kommunen får aukte drifts- og vedlikehaldskonstnader. Som abonnent på kommunale avløpstjenester har kvar enkelt anleggs-eigar ansvar for å sørje for at deira anlegg tilfredsstillar dei krav som er satt til utskiljaranlegg i lover, forskrifter, utslippsløyver og øvrige vilkår.

Fetthaldig avløpsvatn som vert ført ut på kommunalt nett medfører òg ei risiko for tilbakeslag av fetthaldig avløpsvatn/kloakk i bygg. Vi gjer merksam på at kommunen ikkje er ansvarleg for slike hendingar. Huseigar må sjølv sørge for og påkoste utbetring av skadar som oppstår under slike hendingar.

Førehandsvarsel om vedtak om pålegg:

Teknisk drift gir med dette brev eit førehandsvarsel om vedtak om pålegg om å installere større anlegg ved Meny Knarvik. Førehandsvarslinga er gitt iht forvaltningslova § 16.

Det er med heimel i forureingsforskrifta § 15A-4, forskrift for fettutskiljar Lindås kommune (02.02.2006) og



«Standard abonnementsvilkår for vann og avløp – Tekniske og Administrative bestemmelser» at Teknisk drift sett krav til utskiljaranlegg som er tilknytt kommunalt leidningsnett. Fettutskiljaranlegg som er tilknytt offentleg spillvassleidning skal sørge for at vegetabil og animalsk fett vert skilt ut frå avlaupsvatn, slik at dette ikkje vert ført inn på leidningsnettet og til reinseanlegg og påfører dette skade.

Med helsing

Arne Helgesen

Avdelingsleiar vatn og avløp

Linda Folkestad

saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Einingsleiar Teknisk drift

Mottakarar:

Meny Knarvik

Kvernhusmyrane 5914
7A

ISDALSTØ